HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Sakliste for Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane

Føremål: Fagleg samarbeidsutval
Møtetid: 17.februar 2022 kl 10.00 – 14.00
Møtestad: Styrerommet Hildrabygget – digitalt møterom på Teams
lenke i kalendarinvitasjonen til bruk for dei som ikkje kan møte fysisk
Leiar: Asle Kjørlaug

Deltakarar			
Namn	**Tittel**	**Eining**	**Forfall**
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde HF	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
Torill Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF	
Vidar Øvrebø	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF	
Dagrunn Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune	
Gunhild Gimmestad	Kommunalsjef	Gloppen kommune	
Anita Foss Midlang	Assisterande kommunalsjef	Sogndal kommune	
Stein Helle	Kommunalsjef	Askvoll kommune	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt	
Eiliv Berdal	Brukarrepresentant	Felles brukarutval i S&Fj	
Liv Krognes	Brukarrepresentant	Felles brukarutval i S&Fj	
Vara:			
Øystein Furnes	Kommuneoverlege	Sunnfjord kommune	
Målfrid Sognnes	Kommunalsjef	Hyllestad kommune	
Heidi Vederhus	Kommunalsjef	Stryn kommune	
Hilde Tenold	Rådgjevar	Vik kommune	
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	Sunnfjord kommune	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Robert Brennersted	Avdelingssjef akuttmedisin	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF	
Øyvin Myrmel	Avdelingssjef ISP	Helse Førde HF	
Robin-Andre Sørland	Avdelingssjef LMBB	Helse Førde HF	
Observatørar:			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde HF/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anita Sørheim	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	

Saksnr	**Tema**	**Ca kl**	**Ansvar**
1/22	Godkjenne innkalling og sakliste	10.00-10.10	Asle Kjørlaug
2/22	Godkjenning av referat frå forrige møte – innspel til merknad i sak 28/2021		
3/22	Orientering frå praksiskonsulentane	10.10-10.30	Normund Svoen

4/22	Gjennomgang av samhandlingsavvik	10.30-10.45	Irene Barmen Hoel
5/22	Orientering og innspel Nasjonal helse- og sjukehusplan	10.45-11.00	Asle Kjørlaug
6/22	Barn og unge - helseteneste	11.00-11.20	Eili Nygård Riise
7/22	Orientering om samarbeidsavtale fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg	11.20-11.45	Greta Gard Endal/ Marta Strandos
Matykt og beinstrekk ca i tidsrommet 11.45- 12.15			
8 /22	Evaluering rekvisisjonsrett for sjukepleiarar – elektronisk rekvirering?	12.15	Trude Helgås
9 /22	Status Erfaringskonferanse PHV	12.30-12.35	Elin Sørbotten/ Dagrun Kyrkjebø
10 /22	Oppfølging frå siste møte – statusmelding prosedyre for følgepersonell	12.35-12.45	Elin Sørbotten
11 /22	Orientering om reetablering av avtaleutvalet – mandat Overordna samarbeidsavtale	12.45-13.00	Dagrun Kyrkjebø/ Elin Sørbotten
12/22	Kartlegging og utgreiing av faglege samarbeidsprosjekt/samhandlingsprosjekt – drøfting og vår prioritering mellom dei fire nasjonale satsingsområde	13.00 - 13.45	Dagrun Kyrkjebø/ Elin Sørbotten
13/22	Orientering om parkinsonnett – nasjonal opplæringspakke	13.45 - 14.00	Asle Kjørlaug

Saksgrunnlag i møtet 17.februar 2022

Sak 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 2/22 Godkjenne referat frå siste møte

Framlegg til vedtak: Referat frå førre møte vert godkjend, med merknad til siste setning i sak 28/22;

Det er ynskjeleg at same arbeidsgruppe også vurderer fakturagrunnlag for utskrivingsklare pasientar, som elles er nedfelt i samarbeidsavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus.

Basert på tilbakemelding både frå føretaksleiinga og kommunane ønskjer ein å gå vekk frå denne formuleringa, då delavtalar og særavtalar skal handsamast og reviderast i det nyetablerte avtaleutvalet. Arbeidsgruppa bør dermed konsentrere seg om samhandlingsprosedyren som ligg til grunn for refusjon av kostnader.

Fagleg samarbeidsutval – Referat

Møtetid: 10.12.2021 - kl. 10.00 - 14.00
Stad: Rådhuset Sunnfjord kommune - 4 etg, møterom Jølstra
Møteleiar: Norunn Stavø
Referent: Randi Holsen Solheim

HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Deltakarar			
Namn	**Tittel**	**Eining**	**Forfall**
Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune/ SIS	
Gunhild Gimmestad	Kommunalsjef	Gloppen kommune / NF	x
Randi Ytrehus	Kommunalsjef	Bremanger kommune	
Audhild Molland	Tenesteleiar heimetenester	Sogndal kommune/ Sogn	x
Anita Foss Midlang		Sogndal kommune/ Sogn	
Stein Helle	Kommunalsjef	Askvoll kommune/ HAFS	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Koordineringsrådet	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt Koordineringsrådet	
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde / Koordineringsrådet	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
Torill Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF Koordineringsrådet	x
Vidar Øvrebø	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde	
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF	x
Robin-Andre Sørland	avdelingssjef LMBB	Helse Førde	
Marte Ulltang	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Observatørar:			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anita Sørheim	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	

Saksnr	**Sakliste**	**Ca kl**	**Ansvar**
17/2021	Velkommen og godkjenning av sakliste	10.00 - 10.10	Norunn Stavø
	Godkjenning av referat frå siste møte		
18/2021	**Orientering frå praksiskonsulentane**	10:10- 10:40	Normund Svoen Jan Ove Tryti Anita Søreide
19/2021	**Helsefellesskap** - Nytt sidan sist - Organisering fagutval/faggrupper i fagrådet	10:40- 11:10	Elin Sørbotten
20/2021	**Møteplan/møteleiing 2022**	11:10- 11:20	Marte Ulltang

21/2021	**Status læringsnettverk** – Korleis kople dette arbeidet inn i mot faggrupper/fagutval i fagrådet?	11:20- 11:35	Elin Sørbotten
22/2021	**Gjennomgang samhandlingsavvik**	11:35-11:45	Kjellaug Berntzen
23/2021	**Regionale dagsamlingar samhandlingsavvik** - Korleis jobbe saman vidare med samhandlingsavvik vidare?	11:45- 11:55	Elin Sørbotten
	Pause		
24/2021	**Honorering fastlege** – Vår samarbeidsrutine vurdert opp mot rettleiar frå KS og legeforeninga	12:30- 12:50	Elin Sørbotten
25/2021	**Samhandlingbarometeret** – Innspel til ny versjon	12:50-13:10	Emma Bjørnsen
26/2021	**Status Sampro** – Revisjon samhandlingsprosedyre	13:10- 13:25	Marte Ulltang Elin Sørbotten
27/2021	**Status - CAVE-opplysningar i epikrise**	13:25-13:35	Asle Kjørlaug
28/2021	**Bruk av følgjepersonell frå kommunen.** Gjennomgang av samhandlingsprosedyra grunnlag for refusjon av kostnader	13:35-13:45	Marte Ulltang
29/2021	**Avtala om eldremedisinsk nettverk**	13:45-13:55	Elin Sørbotten
30/2021	Evt	13:55-14:00	Norunn Stavø

Saksnr	Referat
17/2021	Leiar Norunn Stavø ønska velkommen til det fulldigitale møte – saklista godkjend
	Godkjenning av referat frå siste møte
18/2021	Normund Svoen presenterte aktuelt nytt på vegne av praksiskonsulentane – sjå eigen presentasjon på https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko Litt supplerande informasjon frå Anita Sørheim
19/2021	Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten orienterte i saka om Helsefellesskap. Ho synte til at Koordineringsrådet i sitt møte 2.desember skisserte generelle strategiske føringar for vidare arbeid, og gjorde fylgjande vedtak; *«Vårt helsefellesskap vert frå 1.januar 2022 døypt Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane»* *« Koordineringsrådet ber felles brukarutval (FBU) om å oppnemne brukarrepresentasjon til dei ulike samhandlingsutvala i tråd med føringane i nytt helsefellesskap»*

« Koordineringsrådet oppnemnar eit avtaleutval som tek sikte på å forenkle avtaleverket utan at grunnleggande struktur blir endra for mykje. »

«Koordineringsrådet ber avtaleutvalet gå gjennom dagens avtalar og skissere kva slags avtalar ein kan slå saman, kutte eller gjere om til samhandlingsprosedyrar og samhandlingsrutinar»

«Koordineringsrådet ber avtaleutvalet gå i gang med arbeidet om å lage eit elektronisk avtaleverk»

«Koordineringsrådet vedtar endring av namn på overordna samarbeidsavtale frå å vere «Rammeavtale mellom helse Førde HF og xx kommune» til «Overordna samarbeidsavtale for Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane»

«Koordineringsrådet ber fagrådet starte arbeidet med å sikre faggrupper som skal jobbe vidare med dei prioriterte pasientgruppene som skissert i vårt helsefellesskap»

«Koordineringsrådet ber om at utviklingsarbeid som vert jobba med i læringsnettverk for gode pasientforløp aktivt vert tatt med i vidare arbeid»

Etter Sørbotten sin gjennomgang tok Fagleg samarbeidsutval utfordringa iht punkt fire om å starte arbeidet med å vurdere korleis ein skal jobbe vidare med dei fire prioriterte pasientgruppene. Arbeidsgruppa iht helsefellesskapet føreslo ein modell med arbeid i nettverk med kommuneoverlegar og kommunedirektørar. I diskusjonen vart det også nemd korleis nasjonal helse- og sjukehusplan kan implementerast. Elles vart det peika på at både sjukehuslegar og fastlegar må ha god kjennskap til både helsefellesskapet og tilhøyrande avtaleverk, og at det må gjerast ein jobb både i helseføretaket og i kommunane iht dette. Leiar Norunn oppsummerte med å gjennomføre digital runde der samtlege deltakarar fekk høve til å uttale seg om diskusjonen.

<u>Konklusjon:</u>
Vi må bygge på dei område der vårt etablerte helsefelleskap allereide har pågåande prosessar. Kartlegge kva er det som no skjer innan dei fire gruppene? Definere dei ulike prosessane - kva fungerer? Kva fungerer ikkje? Samhandlingssjef og interkommunal samhandlingskoordinator har ei sentral oppgåve i arbeidet, og får ansvar for grundig saksutgreiing til fyrste møte i 2022.

Neste erfaringskonferanse PHV bør invitere fagfolka til å seie noko om kor skoen trykkjer.

20/2021

Kst. Samhandlingssjef Marte Ulltang synte til sak i koordineringsrådet 2.desember, og presenterte vedteken møteplan og møteleiing i 2022 for Helsefellesskap i Sogn og Fjordane.
Det vert planlagd for for fysiske møter og Helse Førde er arrangør – funksjonstida for utvalsmedlemmane vert utvida frå to til fire år. Fagleg samarbeidsutval gjer vedtak om at Fagdirektør tek over leiarvervet for dei neste to åra.

Møteplan Helsefellesskap 2022			
Arrangør/Møtestad	**Fagleg samarbeidsutval**	**Strategisk samarbeidsutval**	**Partnarskapsmøte**

	Kommunane	**17 februar**	**2 mars**	
	Helse Førde	**28 april**	**20 mai**	
	Kommunane	**8 september**	**21 september**	***27 oktober****
	Helse Førde	**17 november**	**30 november**	

21/2021	Orientering om status for læringsnettverk – vart handsama i samband med sak 19 om helsefellesskap.
22/2021	Marte Ulltang informerte om aktuelle samhandlingsavvik – sjå eigen presentasjon Fagrådet tok orienteringa til vitande.
23/2021	Marte Ulltang orienterte om arbeidet med regionale dagsamlingar iht samhandlingsavvik, og inviterte Fagleg samarbeidsutval til å kome med innspel til korleis ein i framhaldet skal jobbe saman med samhandlingsavvik? Diskusjonen i etterkant kom ikkje opp med særskilde endringar i arbeidet enn det som vart presentert av samhandlingssjefen. Forslag om at det bør snakkast meir om forbetringsarbeidet som skjer, og kanskje tone ned omgrepet avviksmeldingar. Årsaka til avvika er kanskje knytta til manglande kjennskap til gjeldande avtaleverk. Manglande felles IKT-system er framleis også ei utfordring. Det vart elles synt til Koordineringsrådet sitt vedtak i møtet 02.12.21, om å halde fram med å arrangere regionale dagsamlingar for samhandlingsavvik. På same måte som Koordineringsrådet ser fagleg samarbeidsutval utfordringane med å sikre deltaking i fysiske regionale samlingar, og oppmodar arbeidsgruppa til å halde fram med å arrangere både fysiske og digitale regionale dagsamlingar for samhandlingsavvik kvart andre år. Møtet konkluderte elles med at vi må sjå på kva områder som er gjengangarar i avviksmelding mellom partnarane. Fagrådet tok orienteringa til vitande.
24/2021	Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten innleia til saka i honorering av fastlege, og synte til at gjeldande samarbeidsrutine må vurderast opp mot rettleiar frå KS og legeforeninga. Etter noko drøfting vart det gjort fylgjande <u>vedtak:</u> Fagleg samarbeidsutval ser ingen kontrovers mellom aktuell prosedyre frå 2018, og veilederen frå KS og legeforeninga. Utvalet oppmoder om at prosedyren vert nytta slik den føreligg.
25/2021	Seniorrådgjevar Emma Bjørnsen presenterte ny versjon av Samhandlingbarometeret – sjå eigen PP-presentasjon. Dette barometeret har eksistert sidan Samhandlingsreforma vart gjennomført i 2012, og vart etablert for å publisere informasjon med føremål å styrke felles kunnskapsgrunnlag mellom Helse Førde HF, kommunane og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Den nye barometer-versjonen vert opna på nyåret, og fagleg samhandlingsutval vert invitert til å kome med innspel til kva data helsefellesskapa vil trenge, gjerne med utgangspunkt i behova for helsefellesskapet i Helse Førde sitt område. Og kanskje like viktig spørsmål er korleis vi kan jobbe saman om dette?

	Forslag: Helse Førde som eigar av Samhandlingsbarometeret bør invitere kommunane til ei ressursgruppe for å utarbeide ulike aktuelle indikatoarar. Fagleg samarbeidsutval kan kanskje utgjere ei slik ressursgruppe. Bjørnsen noterte seg aktuelle innspel, og ynskjer å komme attende til samhandlingsutvalet på eit seinare tidspunkt.
26/2021	Maria Ljungløf, rådgjevar, Koordinerande eining Helse Førde og samhandlingssjef Marte Ulltang innleia til informasjon om Sampro og revisjon av aktuell samhandlingsprosedyre I tråd med føringar for bruk av IP har Helse Førde og dei fleste kommunane i nedslagfeltet inngått delavtale om bruk av det elektroniske samhandlingsverktøyet SAMPRO (e-IP) til dette føremålet. Alle kommunane i nedslagsfeltet nyttar SAMPRO når dei skal utarbeide IP. Saka vart handsama i fagrådet 04.02.21 og i vedtaket heiter det: *«Fagrådet oppfordrar partnarane til ein restart i implementeringsarbeidet, og at det vert informert ut til eigne brukarar at SAMPRO-plattforma må takast i bruk i arbeids-kvardagen til aktuelle tilsette. Statusrapport frå dette arbeidet vert å referere i neste møte i Fagrådet.»* Revisjon av samhandlingsprosedyre om Sampro går i korte trekk ut på at dersom kommunen pasienten bur i nyttar e-IP, skal Helse Førde sine tilsette som er med i arbeidet med planen, også delta elektronisk. Det er laga ei samhandlingsprosedyre for korleis ein skal nytte Sampro, denne vert no revidert. Arbeid med revisjonen har imidlertid ikkje involvert kommunesektoren, og utvalsmedlemmane tek til ordet for at begge partnarane må involverast i prosedyreutforminga. Vedtak: Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa om arbeidet med Sampro i Læringsnettverket Gode pasientforløp til vitande.
27/2021	Konstituert fagdirektør Asle Kjørlaug informerte om status - CAVE-opplysningar i epikrise, etter innspel frå primærhelsetenesta om behov for slik overføringsinformasjon. CAVE er ikkje del av epikrise-malen til Helse Førde/Helse Vest. Det blir avgjort regionalt kva som skal være inkludert i epikrisemalen, og det er ikkje regional konsensus om å få CAVE inkludert i malen. Dette betyr at dersom CAVE skal registrerast må dette bli gjort manuelt. CAVE opplysningar er imidlertid inkludert i Pasientens legemiddelliste. Etter noko erfaringsutveksling mellom medisinsk fagpersonell tok fagleg samarbeidsutval orienteringa til vitande.
28/2021	I saka om bruk av følgjepersonell frå kommunen synte Marte Ulltang til samhandlingsprosedyra som ligg til grunn for refusjon av kostnader. Saka fekk ikkje heilskapleg gjennomgang, men fagrådet kom med innspel til korleis Helse Førde og kommunane kan arbeide med samhandlingsprosedyra vidare. Det kom framlegg om at det bør etablerast ei arbeidsgruppe, på tvers av føretaket og

	kommunane, med føremål å drøfte innhaldet i denne prosedyra. Det er ynskjeleg at same arbeidsgruppe også vurderer fakturagrunnlag for utskrivingsklare pasientar, som elles er nedfelt i samarbeidsavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus.
	Avtala om eldremedisinsk nettverk – saka utgjekk...

Sak 3/22 Orientering frå praksiskonsulentane

Praksiskonsulent Normund Svoen orienterer munnleg i møtet

Framlegg til vedtak: Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa til vitande

Sak 4/22 Gjennomgang av samhandlingsavvik

Rådgjevar Irene Barmen Hoel vil gje ei munnleg orientering møtet

Framlegg til vedtak: Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa til vitande

Sak 5/22 Orientering og innspel til Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Saka gjeld:
I Meld. St. 7 (2019 – 2020) Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020 – 2023 blei det varsla at regjeringa ynskjer at neste nasjonale helse- og sjukehusplan blant anna skal bygge på innspel frå helsefellesskapa.

HOD oppmodar til at det sendast inn felles innspel frå kommunane og helseføretaket i helsefellesskapa, sjølv om det også er mogeleg å sende innspel kvar for seg

Helse- og omsorgsdepartementet sendte i september 2021 ut invitasjon til alle kommunane i landet og dei regionale helseføretaka om å kome med innspel til Nasjonal helse- og sjukehusplan (helse- og samhandlingsplan) 2024 – 2027.

Bakgrunn:
Nasjonal helse- og sjukehusplan vert lagt fram kvart fjerde år, og set retninga for utviklinga av spesialisthelsetenesta og samarbeidet med den kommunale helse- og omsorgstenesta. Nasjonal helse- og sjukehusplan skal mellom anna bygge på dei regionale og lokale utviklingsplanane i spesialisthelsetenesta. I 2020 fekk Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse i oppdrag å komme med ei vurdering av tenesta og eigen måloppnåing kvart år i planperioden.
Nytt for den komande helse- og sjukehusplanen er at regjeringa ønsker at den også skal bygge på innspel frå dei 19 helsefellesskapa mellom kommunar og helseføretak.



Figur 1: Illustrasjon av sammenhengen mellom Meld. St. 7 (2019 – 2020) Nasjonal helse- og sykehusplan 2020 – 2023 og neste Nasjonal helse- og sykehusplan.

Aktuelt:
Det vert henta innspel frå kommunar og helseføretak, og henta erfaringsoppsummeringar frå aktuelle dokument som årsmeldingar og –rapportar.

Det er laga ein intern prosessplan for arbeidet mellom kommunane og Helse Førde:

HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Ein ber no fagleg samarbeidsutval komme med innspel til felles høyringsuttale for neste nasjonal helse og samhandlingsplan.

Viktige spørsmål som HOD ynskjer tilbakemeldingar på er:

Spørsmål	**Innspel**
Kva erfaringar har de hausta så langt, bl.a. knytt til samarbeid mellom kommunane, mellom kommunane og helseføretak, etablering av sekretariatsfunksjonar, gode og likeverdige beslutningsprosessar, samt etablering av felles prosjekt?	
Kva opplev helsefellesskapet som mest krevjande for å nå måla om meir samanhengande, bærekraftige tenester for pasientar med samansette behov? Kva gjer de konkret for å adressere desse utfordringane?	
Har de gode eksempel på tenester som er utvikla/er i ferd med å utviklast i fellesskap for dei fire prioriterte pasientgruppene? Korleis kan innsikt frå desse eksempla overførast til andre helsefelleskap og/eller forsterkast gjennom neste NHSP?	
Korleis kan nasjonale myndigheiter (departement, direktorat) støtte helsefellesskapa i arbeidet med å nå sine mål? Kva justeringar i nasjonale verkemidlar (faglege råd, regulering, styringsinformasjon, finansieringsordningar) vil bidra til å realisere måla? Kva støtte frå Helsedirektoratet og andre etatar har vore spesielt nyttig så langt? Kva støtte saknar de?	
Korleis kan regionale aktørar (KS, regionale helseføretak, statsforvaltar) støtte helsefellesskapa i arbeidet med å nå sine mål? Kva støtte har vore spesielt nyttig så langt? Kva støtte saknar de?	
Er det noko anna de vil spele inn til NHSP 2024 – 2027 ?	

Sjå vedlagt start på felles høyringsuttale frå Sogn og Fjordane helsefellesskap.

Tilråding:
«Fagleg samarbeidsorgan gir innspel på viktige tematikkar som ikkje kjem fram i dokumentet slik det føreligg no»

Sak 6/22 Barn og unge – helseteneste

Bakgrunn
Mange ulike aktørar og instansar tilbyr tenester til barn og unge med psykiske helseplager. Det er behov for gode verktøy for å jobbe systematisk med å skapa helsefremjande oppvekstmiljø for alle barn og unge. I vår region har mange kommunar allereie valgt ein samhandlingsmodell. I spesialisthelsetenesta er det innført pakkeforløp for barn og unge med psykiske lidingar. Ei utfordring med pakkeforløpa er at dei i hovudsak skildrar kva spesialisthelsetenesta skal gjere. For å lage gode forløp for barn og unge med psykiske vanskar og deira foreldre, er det behov for at me tenker meir heilskapleg om tilbodet på tvers av kommune og spesialisthelseteneste. «Barn og unge si helseteneste» er ein del av ei regional satsing på Vestlandet som har som mål å sikre bedre tenester for barn og unge med psykiske helseplager. Prosjektet har sitt utspring i Helse Fonna der kommunale tenester, spesialisthelsetenesta og brukarar har kome saman og drøfta rolle og ansvar til dei ulike tenestene. Prosjektet resulterte mellom anna i ei internett-side, som skildrar den enkelte tenesta si rolle i møte med ulike psykiske utfordringar og kjem med faglege tilrådingar om kva kvar teneste kan gjere av kartlegging og tiltak. Internett-sidene fungerer som eit felles kart når me skal gje god hjelp til barn og unge. Helse Fonna og Helse Bergen sine sider finn du her:

https://helse-bergen.no/barn-og-unges-helseteneste

https://helse-fonna.no/barn-og-unges-helseteneste

Samhandling mellom PBU og kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde

Over fleire år har alle tre BUPane i Helse Førde hatt jamlege møter med kommunane med anledning til å drøfte ikkje-tilviste saker anonymt. Her har dei fleste kommunar etablerte strukturar og rutinar for at dei som jobbar kring barnet (t.d. lærarar, PPT, barnevern el. helsesjukepleiarar) kan ta opp saker anonymt. BUP deltek i slike samarbeidsmøter. I tilviste saker vert det gjennomført samarbeidsmøte mellom BUP og kommunane etter behov. Det vert også gjennomført jamlege møter på systemnivå (m.a. med helsesjukepleiarar, barnevern, PPT).

Det opprinnelege prosjektet i Helse Fonna starta mellom anna opp på grunn av høg avvisingsprosent på tilvisingar til BUP. Det er viktig å få fram at situasjonen ikkje er heilt den same i Helse Førde. PBU i Helse Førde har over fleire år hatt låg avvisingsprosent. I 2020, etter at prosjektet hadde pågått i Helse Fonna i 3-4 år, var avvisingsprosenten framleis høgare enn avvisningsprosent i Helse Førde.



Ressursbruk og behov

Det vart lagt ned mykje ressursar i det opphavelege prosjektet i Helse Fonna, både i BUP, og i kommunane. Dette medførte ein nedgang i antal avviste tilvisingar, men Helse Førde hadde likevel lågare andel avviste tilvisingar før prosjektet var skikkeleg i gang her. Det er alltid rom for å forbetre samhandling, men det er viktig at dei ressursane som vert lagt ned i samhandlingsprosjektet står i forhold til behovet. Det har difor vore eit viktig poeng frå oppstarten av prosjektet å bygge vidare på det arbeidet som er gjort i andre helseføretak.

Prosjektet i Helse Førde

Prosjektet starta opp i Helse Førde våren 2020. Opphaveleg var det planlagt at Sogndal BUP, Førde BUP og Nordfjord BUP skulle invitere til samhandlingsdagar i sitt område. Planen var å invitere tenesteleiarar frå skule og barnehage, helsesjukepleiarar, barnevern, fysioterapi, kommunepsykolog (eller annan representant for

psykisk helseteneste) og fastlegar. Hensikten med samhandlingsdagane var å drøfte rolle og ansvar til dei ulike tenestene med fokus på kva den enkelte teneste kan bidra med. Prosjekt og planar for gjennomføring vart presentert for koordineringsrådet 4. mars 2020 og koordineringsrådet slutta seg til vidare prosess. Pandemien braut laus når prosjektet skulle starta opp, og større samhandlingsdagar har vore vanskeleg å planlegge og gjennomføre. Ein valgte då å starte ein prosess der ein kontakta kvar enkelt kommune på leiarnivå og inviterte til eit møte for å bli samde om korleis ein ønskte prosjektet gjennomført i den enkelte kommune. Til no er det oppretta dialog med 10 av kommunane våre. Prosjektet starta opp i kommunane knytta til Sogndal BUP og har kome lengst her. Responsen frå kommunane har vore varierande, i nokre kommunar har ein gjennomført samhandlingsdag og ein har informert om og fått innspel til tekstane på internettsidene. I andre kommunar hadde ein allereie liknande prosjekt gåande og ønskte prosjektet integrert i allereie pågåande prosjekt. Andre kommunar har meldt om at dei ikkje har kapasitet til eit slikt prosjekt, pga pandemi og/eller behov for å lande eigne omorganiseringsprosessar. Nokre kommunar har også ytra ønske om meir samarbeid med andre kommunar om dette prosjektet, noko som vanskeleg har lete seg gjennomføre til no, pga pandemi-situasjonen. **PBU i Helse Førde ønsker at fagleg samarbeidsutval kjem med innspel til vidare prosess for å gjennomføre prosjektet.**

Internettsidene

Over fleire år har Helse Fonna jobba saman med sine kommunar for å utvikle tekstar som handlar om dei ulike tenestene sine rollar. Desse tekstane ligg åpent på internett, og fungerer som ein oversikt. Helse Fonna og Helse Bergen vil nytte felles tekstar. Helse Førde har som utgangspunkt at ein ønsker å nytte same tekstane som Helse Fonna og Helse Bergen. Helse Førde og tilhøyrande kommunar slepp då å bruke mykje ressursar på å lage nesten like variantar av same produkt, og ein kan samarbeide med dei andre helseføretaka om vidare oppdateringar og revisjonar av sidene. Internettsidene vil ligge på Helse Førde sine sider, med moglegheit til å legge inn ein link til den enkelte kommune, der ein kan lese meir om tenestetilbodet i sin kommune. **PBU i Helse Førde ønsker at fagleg samarbeidsutval tek stilling til om dei støttar ei slik løysing.**

Sak 7/22 Orientering om samarbeidsavtale fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg

Bakgrunn

Samarbeidsavtalen om Fagnettverket innan eldremedisin/eldreomsorg vart vedtatt i koordineringsrådet i september 2014, med oppstart i 2015. Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) og Regionalt senter for eldremedisin og samhandling (SESAM) har samanfallande oppdrag i å tilby fagnettverk. Saman gjorde vi kartleggingsbesøk i kommunane i 2013, og la fram resultat og anbefalingar til fag- og koordineringsråd. Det var eit val å gå for eit generelt fagnettverk i staden for fleire diagnosespesifikke nettverk.

Føremålet med nettverket:

- Vidareutvikle trygge, samordna og tverrfaglege helsetenester
- Fremje deling av beste kunnskap mellom kommune- og spesialisthelsetenesta
- Styrke engasjementet for arbeid med eldre
- Sikre samordning av ressursbruk knytt til fagutvikling

Deltakarar: Faste ressurspersonar i kommunane og spesialisthelsetenesta (eigen avtale), og andre tilsette og leiarar ut frå tema og tenestene sine behov.

Organisering: USHT og SESAM har ansvar for den daglege drifta av nettverket.

- Styringsgruppe med representantar frå samarbeidande fagmiljø/organisasjonar og brukar utval (til saman 14)
- Driftsgruppe med representantar frå kommunane, Helse Førde, USHT og SESAM.

Status

Avtalen vart underskriven av alle kommunane og fire avd i Helse Førde. Det har vore ei utfordring å få inn faste ressurspersonar frå kommunane. Ordninga med ressurspersonar vart evaluert i 2018-2019. Styringsgruppa og koordineringsrådet støtta forslaget om å halde fram både med ressurspersonar og opne fagdagar der andre tilsette deltek.
Det har vore to fagdagar i året, med eit snitt på 60-70 deltakarar. På grunn av pandemien har vi sidan 2020 hatt digitale fagdagar.
Tema for fagdagane har vore gjennomgåande over to års-periodar. Det legg til rette for tid og kontinuitet i forbetringsprosessar, og ha fokus på pasientforløp og samhandling. Tema: Legemiddelhandtering, ernæring, akutt funksjonssvikt (alle frå pasienttryggleiksprogrammet), demens (2019-2021) og no observasjonskompetanse (2021-2023). Tema blir vurdert ut frå kjennskap til behov i tenestene, lokale og nasjonale satsingar. Leve heile livet –reforma har vore ein del av programma sidan 2019.

Behov for endringar

Vår vurdering etter sju års drift er at fagnettverket har god oppslutnad, skapar engasjement og har tilpassa seg lokale behov og nasjonale føringar. Vi har funne eit aktivitetsnivå som er hensiktsmessig både med tanke på bruk av personalressursar til drift og kostnader på fagdagane.
Kommunane og Helse Førde er etter kvart kjende med fagnettverket, og nettverket er ein integrert del av samarbeidet rundt pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og samhandling. Strukturen med styringsgruppe og driftsgruppe har vore viktig for forankring og involvering, men er ei «tung» organiseringsform når nettverket har funne si form og er i drift. Vi vurderer difor at det ikkje lenger er behov for ein samarbeidsavtale som regulerer partane og drifta av nettverket, men at denne bør erstattast av eit mandat tilpassa dagens situasjon. Mandatet vil omtale føremål, målgruppe, innhald/metode, organisering, ansvarsfordeling og vil syte føre at nettverket vert ein del av drift framfor prosjektstyrt.

Plan for vidare organisering

USHT og SESAM er ansvarlege for drift av fagnettverket og leie driftsgruppa.
Driftsgruppe: Tre representantar frå kommunane (utpeika av Helse- og omsorgsutvalet) og tre frå relevante avdelingar i Helse Førde

- Har møte ein gang i året, og elles ved behov.
- Utarbeide fagleg innhald i to-årsplan
- Bidra til å samordne fagdagar med andre aktivitetar i regionen så langt det er mogeleg
- Bidra med evaluering av fagnettverket og av driftsgruppa sitt arbeid kvart 2. år

Brukarrepresentasjon: USHT/SESAM deltek i møte med felles brukarutval ein gang i året med hovudvekt på dialog og medverknad rundt to-årsplan og evaluering. Brukarutvalet får invitasjon til fagdagane.
Referansegruppe: Samarbeidspartar blir involvert gjennom etablerte møtepunkt/fora, som brukarutval, HOU/KS, USHT Fag- og samarbeidsråd, Regionalt møte i SESAM, Regionalt støtteapparat Leve heile livet.

Styringsgruppe går ut. Driftsansvarlege orienterer fagleg samarbeidsutval om arbeidet ein gang i året og elles ved behov.

Tilråding:

«Fagleg samarbeidsutval støttar at fagnettverket no vert overført frå prosjekt til drift, og ber om at det vert skissert eit mandat som sikrar vidare drift i åra framover»
«Fagleg samarbeidsutval ber om at det vert gitt ei årleg orientering om arbeidet»
«Fagleg samarbeidsutval har innspel til faglege tema og plan for organisering»

Sak 8 /22 Evaluering rekvisisjonsrett for sjukepleiarar – elektronisk rekvirering?

Saka gjeld:
Evaluering av ordninga rekvireringsrett for pasienttransport for avdelings- og oversjukepleiarar ved sjukeheimar i Helse Førde sitt inntaksområde.

Bakgrunn:
Saka har tidlegare vore behandla i fagrådet i november 2020 og februar 2021 (sak 32/2020 og 04/2021). I vedtaket frå fagrådet i november 2020, står det følgande:

Seksjonsleiar Trude Helgås informerte om regelverk og praksis knytt til problemstillinga om at sjukepleiarar på sjukeheimar ikkje får rekvirere transport gjennom Pasientreiser. Revidering av rekvisisjonspraksis er forventa i løpet av 2021. Pr dato er rekvisisjonsretten i kommunane avgrensa til lege, noko som er ei stor utfordring for arbeidskvardagen ute i kommunane. Litt diskusjon omkring dagens praksis, der kommunerepresentantane oppfordrar Helse Førde og Pasientreiser til å lempe på dagens praksis – og mogeleggjere at lege kan delegere denne oppgåva til sjukepleiar. Pasientreiser ynskjer helst elektronisk rekvisisjon.
Konklusjon: Fagrådet ynskjer å få saka attende med ei utdjuping av dagens praksis både i sjukehus og i kommunane, samt kome med innspel til revidering av framtidig rekvisisjonspraksis og korleis optimalisere elektronisk rekvisisjon frå kommunesektoren

På bakgrunn av dette vart det frå 15. februar 2021 innført ein prosedyre der: «Oversjukepleiar og avdelingssjukepleiar ved dei ulike sjukeheimane inntil vidare får rekvirere pasienttransport, men dette må skje per telefon, då volumet for elektronisk rekvirering per i dag er for lågt. Ordninga vil bli evaluert etter eitt år, så framt ikkje ein ny rekvisisjonspraksis vil legge nye føringar. Samhandlingskoordinator innhentar oversikt frå sjukeheimane, og namn på aktuelle «oversjukepleiar og avdelingssjukepleiar» som etter dette får tildelt rekvisisjonsrett.» Sjå vedlegg.

Aktuelt:
Ordninga har no vore i drift i eitt år og ein ønskjer å gjennomføre den planlagde evalueringa i møtet i fagleg samarbeidsutval. For å sikre ei oppdatert oversikt over kven som skal ha rekvireringsrett er det viktig at kommunane melder evnt. endringar i namn på avdelings- og oversjukepleiarar til interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten.

Avdelingssjef og fagansvarleg ved Pasientreiser vil delta i møtet og presentere deira erfaringar med ordninga.

Tilråding:
«Medlemene i fagleg samarbeidsutval kjem med innspel til evalueringa i møtet.»

Sak 9 /22 Status Erfaringskonferanse PHV

Saka gjeld:
Status for arbeidet med erfaringskonferanse psykisk helsevern og rustenester.

Bakgrunn:
Det var lagt opp til å halde erfaringskonferanse psykisk helse og rus i 2020. Grunna pandemien har denne ikkje vore gjennomført.
Det var oppnemnt programkomitè i koordineringsrådet mars 2020 med følgande medlemmar:

Frå kommunane:
- Øystein Furnes, kommuneoverlege/ Sunnfjord kommune
- Benedikte Lunde, avdelingsleiar psykisk helse og rus /Stryn kommune
- Oddrun Tveit, psykiatrisk sjukepleiar, Sogndal kommune
- Elin Sørbotten, samhandlingskoordinator Helse Førde:
- Normund Svoen, PKO
- Tone Holvik, samhandlingssjef
- Ingvild Hjelmeland Finsås, gruppeleiar DPS døgn, Førde
- Jorunn Sandvik, seksjonsleiar NPS Døgn
- Øyvin Myrmel, seksjonsleiar ISP

I etterkant har det kome andre medlemmar til av ulike årsaker, programkomiteèn i 2022 ser slik ut:
Øystein Furnes, kommuneoverleg, Sunnfjord kommune
Benedicte Lunde, avdelingsleiar pykisk helse og rus, Stryn kommune
May Tove Lyngseth, Avdelingsleiar psykisk helse og rus, Sogndal kommune
Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator
Normund Svoen, PKO

Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef
Marte Sva, DPS Døgn
Jorunn Sandvik, seksjonsleiar NPS Døgn
Øyvin Myrmel, avdelingssjef ISP
Inger Marie Berg Thune, erfaringskonsulent

Aktuelt:
Første planleggingsmøte for erfaringskonferansen vert å halde 10.02.2022.
Orientering frå møtet vert gitt muntleg i møte.

Tilråding:

«Fagleg samarbeidsutval tek statusmeldinga om erfaringskonferanse PHV til vitande, og ynskjer programkomiteèn lukke til med viktig arbeid»

Sak 10 /22 Oppfølging frå siste møte – statusmelding prosedyre for følgepersonell

Saka gjeld:
Oppnemning av medlemmar til arbeidsgruppe for revisjon av prosedyre med følgjepersonell.

Bakgrunn:
Vedtak frå fagrådet desember 2021:

28/2021	I saka om bruk av følgjepersonell frå kommunen synte Marte Ulltang til samhandlingsprosedyra som ligg til grunn for refusjon av kostnader. Saka fekk ikkje heilskapleg gjennomgang, men fagrådet kom med innspel til korleis Helse Førde og kommunane kan arbeide med samhandlingsprosedyra vidare. Det kom framlegg om at det bør etablerast ei arbeidsgruppe, på tvers av føretaket og kommunane, med føremål å drøfte innhaldet i denne prosedyra. Det er ynskjeleg at same arbeidsgruppe også vurderer fakturagrunnlag for utskrivingsklare pasientar, som elles er nedfelt i samarbeidsavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus.

Aktuelt:
Fagrådet konkluderte med å sette ned ei arbeidsgruppe for revisjon av prosedyren.
Saka har vore drøfta i helse og omsorgsutvalet 25.01.22, og nettverka har fått i oppdrag å oppnemne medlemmar frå kommunane:
Følgande medlemmar er oppnemnt frå kommunane pr 09.02.22

- Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator
- Katrine Skinlo Holvik, Stad kommune
- HAFS?
- Sogn?

Framlegg til vedtak:

«Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa om oppnemnte representantar til vitande, og ber om at arbeidsgruppa tek revidert prosedyre attende til FSU for behandling og vedtak, når arbeidet er ferdigstilt»

Sak 11 /22

1) **Orientering om reetablering av avtaleutvalet – mandat**
2) **overordna samarbeidsavtale**

1) **Saka gjeld**:

Oppnemning av representantar til avtaleutvalet for Sogn og Fjordane helsefellesskap.

Bakgrunn:
Under innføring av samhandlingsreforma jobba kommunane og Helse Førde tett saman for å sikre ein god struktur, likeverdigheit og avtaleverk i tråd med nye føringar. Oppgåver skulle løysast på andre måtar og på best effektive omsorgsnivå. Dette førte til ei oppgåveoverføring frå spesialist til kommunehelsetenesta, og samhandlingsstrukturen slik vi kjenner den vart etablert. Eit av krava som kom med samhandlingsreforma var eit formalisert samarbeid gjennom avtaleverk.

> *Partane er etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 14.06.11§6-1 mfl. Og spesialisthelsetenestelova §2-1e,2.ledd, pålagt å inngår samarbeidsavtala. Ved inngåing av rammeavtala og vedtak i delavtalar, oppfyller partane si lovpålagte plikt til å inngå samarbeidsavtale.*

Herunder var det 11 sentrale punkt ein skulle avtale rundt, heimla i helse og omsorgstenestelova, og spesialisthelsetenestelova. Ny nasjonal helse og sjukehusplan 2020-2023 kom med eit 12 punkt i lovverket kring kva spesialist og kommunehelsetenesta forpliktar seg til å samarbeide om, betre felles planlegging. Lovkravet er signalisert gjeldande frå august 2022.
Under planlegging av felles samhandlingsstruktur i 2011 vart det nedsett eit avtaleutval på tvers av kommunane og Helse Førde.
Mandatet til utvalet kan raskt skisserast slik:

> *Avtaleutvalet skal syte for utarbeiding av framlegg til samarbeidsavtalar mellom Helse Førde og kommunane i tråd med føresetnadene i fastsett rammeavtale og etter oppdrag frå koordineringsrådet og fagrådet. Avtaleutvalet kan etter behov og i samråd med fagrådet opprette arbeidsgrupper med representantar frå partane. Framlegg frå avtaleutvalet går til fagrådet som gir si innstilling til koordineringsrådet.*

Avtaleutvalet foretok ei revisjon av alle avtalane i 2016.

Aktuelt:
Ei av oppgåvene til arbeidsgruppa som laga skisse til nytt helsefellesskap er å revidere rammeavtala mellom Helse Førde og kommunane. Dette arbeidet er no i gong, og tentativ plan er at denne avtala skal behandlast og vedtakast i Februar-22.
Ved møte i koordineringsrådet i desember-21 vart følgande bestemt kring vidare arbeid med delavtalane.

<u>Vedtak frå koordineringsrådet 02.12.2022:</u>

> *«Koordineringsrådet oppnemner eit avtaleutval som tek sikte på å forenkle avtaleverket utan at grunnleggande struktur blir endra for mykje.»*
> *«Koordineringsrådet ber avtaleutvalet gå gjennom dagens avtalar og skissere kva slags avtalar ein kan slå saman, kutte eller gjere om til samhandlingsprosedyrer og samhandlingsrutiner.»*
> *«Koordineringsrådet ber avtaleutvalet gå i gang med arbeidet om å lage eit elektronisk avtaleverk.»*

Det er difor naudsynt å raskt etablere eit avtaleutval på tvers av organisasjonane, slik at ein får oppdatert og revidert avtaleverket mellom partnarane i 2022. Dette vil verte eit større administrativt arbeid, og ein bør syte føre ein sekretariatsfunksjon med kapasitet til å prioritere arbeidet over ein kortare periode. Kostnad med ein slik funksjon til kunne dekkast av partnarane i fellesskap.

Avtaleutvalet skal syte for utarbeiding av framlegg til samarbeidsavtalar mellom Helse Førde og kommunane i tråd med føresetnadene i overordna samarbeidsavtale og etter oppdrag frå Strategisk samarbeidsutval og Fagleg samarbeidsutval.
Kommunane har hatt saka til behandling i helse og omsorgsutvalet 25.01.22 samt i kommunedirektørutvalet 11.02.22, og har oppnemnt representasjon direkte frå desse møteforuma.

På bakgrunn av vedtaket i Koordineringsrådet er det no oppnemnt følgande representantar i avtaleutvalet:

<u>Frå kommunane:</u>

Kommunedirektør
Kommunalsjef Heidi Vederhus
Kommuneoverlege
Kommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten

Frå Helse Førde HF:

Fagdirektør	Asle Kjørlaug
Klinikkdirektør, medisinsk klinikk	Trine H. Vingsnes
Stadleg leiar, Nordfjord sjukehus	Tone Holvik
Samhandlingssjef	Dagrun Kyrkjebø

Det vil verte utarbeidd eit mandat konkretisert utifrå punkta frå vedtaket i koordineringsrådet. Dette mandatet vil verte klart og behandlast i strategisk samarbeidsutval ved neste møtepunkt.

Framlegg til vedtak: Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa til vitande

2) **Saka gjeld**:

Helse Førde og kommunane inngjekk i 2012 rammeavtale som regulerer samarbeidet mellom partane.
Avtala vart revidert i 2016, og skal no reviderast på nytt i tråd med arbeidet i helsefellesskap.
Arbeidsgruppa har gjennom haust og vinter jobba med å revidere avtala i tråd med nytt helsefellesskap, og utifrå innspel frå kommunane og Helse Førde.
Ein ber no fagleg samarbeidsutval komme med innspel til arbeidet som er gjort og oversende saka til strategisk samarbeidsutval for endeleg handsaming før avtala kan sendast ut for signering og iverksettast.

Bakgrunn:
Partane er etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 14.06.11 § 6-1 mfl.
og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd, pålagt å inngå samarbeidsavtale
Rammeavtala for kommunane og Helse Førde vart laga i 2011 og revidert i 2016. Vedlagt gjeldande rammeavtale pr januar 2022:
https://samhandling-sfj.no/wp-content/uploads/2017/03/Rammeavtale.pdf

Følgande arbeidsgruppe frå kommunane og Helse Førde har revidert rammeavtala, no overordna samarbeidsavtale til Sogn og Fjordane helsefellesskap.

Børge Tvedt	Klinikkdirektør psykisk helsevern Helse Førde
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef, Helse Førde
Signe Norevik	Seksjonsleiar, Helse Førde
Normund Svoen	Praksiskonsulent, Helse Førde
Stein Helle	Kommunalsjef, Askvoll kommune
Norunn Stavø	Kommunalsjef, Kinn kommune
Marius Solbakken	Fastlege, Stryn kommune
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege Kinn kommune
Elin Sørbotten	Interkommunal samhandlingskoordinator
Lene Berge Grønsberg	Felles brukarutval

Arbeidet med overordna samarbeidsavtale har tatt sikte på å oppdatere informasjon, samt forenkle avtala i den grad det er mogleg.
Den er vurdert av jurist i etterkant for å sikre at ein held seg innanføre gjeldande lovverk for samarbeidsavtalar.

Aktuelt:
Arbeidsgruppa som vart nedsett for å legge rammene rundt nytt helsefellesskap, hadde også i mandatet å revidere rammeavtala.
Ein har hausten 2021 og vinteren 2022 hatt fire digitale møtepunkt der ein har utarbeidd forslag til ny overordna samarbeidsavtale mellom partnarane.
Sjå vedlagt avtale.

Tilråding:
«Fagrådet stillar seg bak utkast til overordna samarbeidsavtale, og oversender den til strategisk samarbeidsutval for endeleg godkjenning og utsending til partnarane»

Sak 12/22 Kartlegging og utgreiing av faglege samarbeidsprosjekt/samhandlingsprosjekt – drøfting og vår prioritering mellom dei fire nasjonale satsingsområde

Saka gjeld:
Samarbeidet mellom Helse Førde og kommunane om dei fire prioriterte pasientgruppene har i mange år vore godt. Mykje utviklingsarbeid vert gjennomført kvart år, og vedlagt finn de oversikta over dei utviklingsprosjekta der ein har samarbeidd tett dei siste åra.

Bakgrunn:
I arbeidet med Sogn og Fjordane helsefellesskap ser ein at det er viktig å synleggjere samt prioritere arbeidet rundt dei fire prioriterte gruppene. Herunder vil det være like viktig å få fram kva områder ein treng legge ekstra fokus på i åra framover.
Ved oversyn over alle råd og utval ser ein at gruppa barn og unge truleg vil være eit av dei områda der Sogn og Fjordane helsefellesskap bør samhandle tettare om.

Aktuelt:
Helse Førde og kommunane jobbar godt med prosjekt og utviklingsarbeid innan dei fire prioriterte gruppene, sjå vedlagt oversikt. Det kan sjå ut som det er mindre innsats innanfor gruppa barn og unge, samt psykisk helse og rusproblematikk.
Det er forventa å komme fram forbetringsområder gjennom erfaringskonferansen PHV som er planlagt Mai-22.

Utdjupande informasjon om nokre prosjekt:

1. *Læringsnettverk for gode pasientforløp*

Gode pasientforløp er eit nasjonalt læringsnettverk drevet av folkehelseinstituttet (FHI) og KS. Målsettinga er at kommunar og helseføretak saman skal jobbe for å utvikle gode, heilheitlege og funksjonsbaserte forløp. Læringsnettverka har pågått sidan 2014, og bestemt vidareført som ei satsing i Stortingsmelding 15 (2017-2018) *Leve heile livet.* Læringsnettverka er også eit verkemiddel inn i arbeidet med Nasjonal helse og sjukehusplan (2020-2023), og arbeidet med helsefellesskap og satsing kring dei fire pasientgruppene barn og unge, personar med alvorlig psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar. Læringsnettverket starta i Sogn og Fjordane, desember 2020, med førebuing av fyrste samling mars 2021. Det er forventa at kommunane og Helse Førde arbeidar aktivt mellom samlingane i læringsnettverket.

Utfyllande informasjon om læringsnettverk for gode pasientforløp:
https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/
https://www.fhi.no/kk/forbedringsarbeid/pasientforlop/eldre-og-kronisk-syke/

Lokalt arbeid:
Totalt er 16 team fordelt på 13 kommunar og Helse Førde påmeldt. Samansetning av team er ulik frå kommune til kommune, men samansetninga er fordelt både tverrfagleg og tverrsektorielt for å sikre forløpstankegangen. Kommunar som deltek med team er, Kinn kommune, Sunnfjord kommune, Bremanger kommune, Fjaler kommune, Stad kommune, Aurland kommune, Lærdal kommune, Askvoll kommune, Sogndal kommune, Vik kommune, Hyllestad kommune, Stryn kommune og Luster kommune.
Helse Førde har meldt på tre team eitt frå nevrologisk avdeling, eitt frå medisinsk klinikk og eitt frå samhandling og tverrprofesjonelle tenester.
Gode pasientforløp har i 2021 hatt tre to-dagers samlingar. Dei to første samlingane vart gjennomført digitalt, medan samling tre var på Skei hotell i Jølster.

Teama jobbar med følgande problemstillingar

Aurland	Samanheng med kvardagsrehab, velferdsteknologi og Leve heile livet. Fokus på prosess.

Luster	Overgangar/sjekkliste. Tavlemøte. Rutina for primærkontakt: Kva er viktig for deg. Like rutinar for dokumentasjon. Avgrense til delar av tenestene?
Lærdal	Overgang/samarbeid rundt rehabilitering/korttid. (sjekklister, rutinar, Kva er viktig for deg)
Vik	Trygge overgangar frå sjukeh til eigen heim/oms.bustad (og motsatt). Rehabilitering. Flytskjema. Kva er viktig for deg. Kontinuitet, primærkontakt.
Sunnfjord	· Meir systematisk kartlegging av brukarar · Hjelpemiddelarbie · Informasjon frå tildelingseininga til andre tenester · Implementering av sjekklister i Cos-doc
Askvoll	Sakshandsaming og tildeling av tenester, organisering. Har i dag tiltaksmøter. Ynskjer opprette tildelingskontor
Hyllestad	Heile pasientforløpet- 5 fokus områder- 21 mål
Stad	Samhandlingskjeda sjukeheim/heimeten.
Sogndal	
Kinn	Vidareføring av tidl arbeid (forbetringsutd, storbrukarprosjekt, primør- og oppf.team). Heimetenestekommune. Utskriving direkte til heimen..
Stryn	Styrke overgangar. Ser på mange områder. Må avgrense. Profil. Primærkontaktar
Stryn	Brukarar i psykiatritenesta som har samansette problemstillingar; psykiatri og somatikk. Mål: heitleg tenestetilbod
Stryn	Hovudmål: gode helsetenester for brukarar med samansette utfordringar med fokus på brukarar i psykiatrigruppa i første omgang.
Helse Førde Medisin	Inn og utskrivingsprosess
Helse Førde Nevro	Pakkeforløp slag
Helse Førde Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Sampro, elektronisk samhandlingsverktøy

2. ***Oppfølgingsteam***

Informasjon om det nasjonale prosjektet: https://www.helsedirektoratet.no/om-oss/forsoksordninger-og-prosjekter/pilot-for-strukturert-tverrfaglig-oppfolgingsteam
Kinn kommune deltek i det nasjonale prosjektet om oppfølgingsteam, som eit underprosjekt til primærhelseteamprosjektet.
Følgande fokusområder har dei hatt i prosjektet gjennom 2021:

1. Samarbeidsprosessar – leiarforankring
2. Samarbeidsprosess – Informasjon om kven som er brukar sin koordinator og oppfølgingsteam
3. Samarbeidsprosess – Gode pasientforløp
4. Samarbeidsprosess – kartlegging brukarmedverknad
5. Samarbeidsprosess – kartlegging
6. Språk /omgrep. Organisasjonen må ha eit felles språk - og nytte omgrep omforent
7. Opplæring i koordinatorrolla

Jan Helge Dale orienterer i møtet om prosjektet.

3. ***Fagnettverk eldremedisin***

Greta Gard Endal og Marta Strandos orienterer om fagnettverk for eldremedisin i møtet.

https://samhandling-sfj.no/wp-content/uploads/2016/10/Samarbeidsavtale-om-fagnettverk-innan-eldremedisin-og-eldreomsorg.pdf

4. ***Erfaringskonferanse PHV***

Sjå vedlagt saksutgreiing om erfaringskonferanse 2022.

5. ***Barn og unges helseteneste***

Eili Nygård Riise orienterer om barn og unges helseteneste i møtet.

Tilråding:

«Fagleg samarbeidsutval diskuterer vidare prosess for vidareutvikling av eksisterande faggrupper/nettverk/samarbeidsprosjekt og kjem med forslag til kva område ein skal prioritere i tida framover.»

Sak 13/22 Orientering om parkinsonnett – nasjonal opplæringspakke

Saka gjeld:
Det skal etablerast ParkinsonNet nettverksområde i Vestland.
«ParkinsonNet har som overordna mål å utvikle ei helseteneste som skal bidra til at personar med Parkinsons sjukdom og parkinsonisme får optimal behandling og høve til best mogleg livskvalitet der dei bur. Dette skal ein oppnå ved systematisk opplæring av helsefagpersonell, tverrfagleg samarbeid mellom faggruppene, helsetenesta og kommunane, samt involvering av brukaren.»

Bakgrunn:
I oppdragsdokumentet frå HOD til Helse Vest RHF i 2020 går det fram at Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande hovudmål:
1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit

Under hovudmål 3 er eitt av tiltaka følgjande: Dei regionale helseføretaka skal, under leiing av Helse Vest RHF, utarbeide ein plan for ParkinsonNet og starte ei nasjonal iverksetting i 2020. Erfaringane frå pilotprosjekta og evalueringsrapporten frå Helsedirektoratet blir lagde til grunn for arbeidet, og Parkinsonforbundet sitt bidrag til systematisk brukarmedverking blir vidareført. Helsedirektoratet bidreg med si erfaring som prosjektleiar for pilotprosjekta. Dei regionale helseføretaka etablerer ein nasjonal koordineringsfunksjon, i tråd med erfaringane frå Nederland og tilrådinga i evalueringsrapporten frå Helsedirektoratet.
Koordineringsfunksjonen skal ha oppgåver i utvikling og vedlikehald av ParkinsonNet i alle delar av landet, og skal finansierast av regionane i fellesskap. Parkinsonforbundet sitt arbeid med systematisk brukarmedverking blir knytt til den nasjonale koordineringsfunksjonen og blir finansiert frå denne. Dei regionale helseføretaka vurderer elles om det trengst tilpassingar av den nederlandske modellen til
norske tilhøve ut frå t.d. lokal kapasitet, organisering og faglege og geografiske vilkår.
Som følgje av pandemien kom det i juni 2020 justert oppdragsdokument der ein justerer planen og skriv at det tas sikte på innføre modellen i fleire helseføretak innan 30. juni 2021.

Aktuelt:
Michaela D. Gjerstad, overlege, PhD og leiar koordineringsfunksjon ParkinsonNet Norge ved Nasjonal Kompetansetjeneste for Bevegelsesforstyrrelser, Stavanger Universitetssykehus deltek i møtet og orienterer om kva ParkinsonNet er, og om korleis implementeringa er tenkt i vårt område.

Tilråding:

«Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa til vitande og sluttar seg til at invitasjon til kurs/opplæring kan sendast ut til aktuelle fagmiljø.»